

Fana folkehøgskule

Sjølevalueringsrapport skuleåret 2022–2023



Innhald

1 Om Fana folkehøgskule	3
2 Skulens grunnsyn.....	3
3 Hovudmål for Fana Folkehøgskule	4
3.1 <i>Litt meir menneskje</i>	4
3.2 <i>Dugleik.....</i>	4
4 Skulens faglege tilbod 2021–2022	5
4.1 <i>Skuleturar</i>	5
5 Økonomi og elevtal 2021-2022	6
6 Evalueringsreiskap skuleåret 2021-2022	6
6.1 <i>Elevevalueringar</i>	6
6.2 <i>EPSI og skolesluttundersøkinga</i>	7
6.3 <i>Elevsamtalar</i>	7
6.4 <i>Linjeevalueringar</i>	7
6.5 <i>Medverknaden til tilsette - oppsummering</i>	8
6.6 <i>Medverknaden til elevane - oppsummering</i>	8
7 Oppfølging av satsingsområda frå rapporten for 2020-2021.....	9
7.1 <i>Demokratisk danning.....</i>	9
7.2 <i>Berekraftig skule.....</i>	12
7.3 <i>Livsmeistring og psykisk helse</i>	14
8 Satsingsområde for arbeidet skuleåret 2022-2023	15
8.1 <i>Demokratisk danning.....</i>	16
8.3 <i>Livsmeistring og psykisk helse</i>	16
9 Sluttord	16

1 Om Fana folkehøgskule

Fana Folkehøgskule blei oppretta i 1915 på Store Milde, i Bergen kommune. Nord- og Midthordland Høgskulelag (NMH) er eigar av skulen.

Skulen er ein frilynt folkehøgskule som vektlegg demokrati og medverknad på alle nivå. Dette gjeld både elevar og tilsette. Det er etablert gode kanalar for kommunikasjon, både mellom tilsette og mellom tilsette og elevar. Skulen legg vekt på å ha opne og transparente prosessar overfor elevar og tilsette.

Fana folkehøgskule har utvikla prosedyrar for sjølvevaluering, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling som sikrar dei tilsette og elevanes medverknad. Dette i samsvar med Lov om folkehøgskular § 2h og Forskrift til lov om folkehøgskular § 14.

2 Skulens grunnsyn

Fana Folkehøgskule var frå starten i 1915 ein grundtvigiansk folkehøgskule, og §1 i vedtektene for høgskulelaget seier at skulen

"skal drivast i samsvar med tradisjonen i den grundtvigske folkehøgskulen og i samsvar med dei lover og reglement som styresmaktene gir for folkehøgskulen."

Kjerneomgrepa i den pedagogikken Grundtvig stod som eksponent for er følgjande:

- Livsopplysing
- Det historisk-poetiske
- Det munnlege
- Levende vekselverknad
- Den rette innbyrdes undervisning
- Det folkelege

Skulens grunnsyn oppsummerast kort med følgjande tre omgrep:

- Fridom
- Fagkunne
- Fellesskap

3 Hovudmål for Fana Folkehøgskule

På Fana Folkehøgskule ønskjer vi at elevane skal kunne strekke grensene for egen kompetanse, stå for sine handlingar og grunngje dei gjennom bevisste val.

Fana folkehøgskule er ein allmenndannande skule kor dei grunnleggjande ideologiske føringane i den frilynte folkehøgskulerørsla står sterkt. Undervisningsopplegga legg stor vekt på den einskilde elev og dialogen har ein sentral stilling.

Fana folkehøgskule vil bidra til å styrke den einskilde eleven og hjelpe dei til å tru på seg sjølv og til å velje dei gode vegane i livet i ansvarleg samspel med sine medmenneske.

Vekst for hele menneskje fremjast gjennom aktiv deltaking og samspel i skulekvardagen.

Demokratiseringstanken i skulen fremjast ikkje fyrst og fremst gjennom tanken, men i stor grad gjennom praksis i konkrete handlingar, solidaritet og medråderett.

Skulen anerkjenner at vi er i ei klimakrise som krev handling og står heilt og fullt bak *Folkehøgskolenes Bærekraftvedtak* frå Klimaseminarret. Med særleg vekt på mål 13 (stoppe klimaendringane) og 4.7 (utdanning for berekraftig utvikling).

3.1 Litt meir menneskje

Vi vil at elevane på Fana Folkehøgskule skal bli "litt meir menneskje" ved at:

- alle elevane skal føle at dei blir sett, og at dei er ein viktig del av skulesamfunnet
- alle elevane skal få oppleve at dei vert verdsette for det dei gjer
- gjennom skuleåret skal elevane oppleve å bli synlege for seg sjølv og kvarandre

3.2 Dugleik

Skulen vil at elevane skal utvikle både fagleg, sosial og allmenndannande dugleik. Desse dugleikane oppfatar vi som bærebjelken i den realkompetansen skulen skal gje elevane.

Folkehøgskulen har spesielt god føresetnad for å leggje til rette for sosial og allmenndannande dugleik ettersom elevane bur på skulen og heile tida møter situasjonar som krev at dei har bevisste meiningar og at dei tilpassar seg sine medelevar og miljøet elles på skulen.

- Sosial/allmenndannande dugleik er:
 - dugleik i samhandling
 - dugleik i kommunikasjon
 - dugleik i å velje og å sjå konsekvensar av val

- gjere nye røynsler som kan auke elevanes bevisstheit om eigen kompetanse
- Fagleg dugleik

Fagleg dugleik er knytt til undervisninga innan linjefag, fellesfag og valfag.

Måla i denne kategorien kjem fram gjennom dei pedagogiske planane for linjefag, fellesfag og valfag.

4 Skulens faglege tilbod 2022–2023

Fana folkehøgskule hadde skuleåret 2022–2023 desse linjene:

- Biletkunst
- Analog foto
- Musikk
- Psykologi
- Spillutvikling
- Scenekunst
- Illustrasjon og tegning

I tillegg til linjefaga (13 t/veke) har elevane ei rekkje obligatoriske fag, valfag og fellestimar som morgonsamling, fellesfag, livsmeistring, utsyn, kom i form og husmøte.

Laurdagar er normalt vanlege skuledagar i folkehøgskulen med laurdagsseminar og elevkveldar.

Plikter i samband med kjøkken og matsal, reinhald og stell av internat og fellesrom inngår og i den daglege timeplanen og følgjast opp av lærarar og anna personale.

4.1 Skuleturar

Klassisk fotografi gjennomførte studietur til Kristiansund i perioden 26 - 30 oktober 2022 der ein besøkte Nordic Light Festival, som er Noregs største og viktigaste møtestad for fotografi.

Studieturane for alle klassane vart gjennomførte i vekene 10 og 11.

- Psykologi og Scenekunst drog til Japan
- Illustrasjon og tegning drog til Amsterdam
- Billedkunst og Analog foto drog til Roma
- Spillutvikling drog til Berlin

- Musikk drog på turne i Noreg, Sverige og Danmark

Alt i alt var elevane fornøgd med turane. Men, for mange av elevane er ikkje studieturen det viktigaste som skjer i skuleåret. Noko desse sitata frå evalueringa i vår viser:

" Linjeturen hadde ikkje mykje å sei for mei og påvirka ikkje valget mitt om å gå på Fana i stor grad".

" Hadde ingen innverknad men eg var ganske engasjert og spent og gledd meg til han. Men han hadde ingenting å seia på linje eller skulen eg søkte på ".

5 Økonomi og elevtal 2022-2023

Skuleåret 2022-2023 var elevtalet som følgjer. Haustsemesteret var det registrert 104 elevar per 1. oktober, medan det i vårsemesteret var 100 elevar registrert per 1. april. 4 elev slutta i haustsemesteret.

Tilskotsbrevet frå Departementet viste at skulen fekk godkjent 203,52,26 tilskotsselevar for 2022, noko som saman med husleige- og basistilskot gav eit samla statstilskot på kr 11 108 792,-.

Skulens rekneskap for 2022 viser eit overskot på kr 1 347 557.

For kommande skuleår 2021-2022 er det i skrivande stund 60 elevar som har tatt plass. Så langt har det vore færre søkjarar enn normalt og me trur dessverre ikkje det blir full skule til hausten.

6 Evalueringsreiskap skuleåret 2022-2023

Utanom den kontinuerlege utviklinga og evalueringa som er eit naturleg resultat av arbeidet i elevråd, personalmøte, lærar- og planleggingsmøte, er reiskap vi har nytta i utviklingsarbeidet gjennom skuleåret elevevalueringar, klassesamtalar, elevsamtalar og linjeevalueringar. Dette er med på å få ei god kvalitetssikring av evalueringsprosessen gjennom heile skuleåret.

6.1 Elevevalueringar

Evalueringa på skulenivå skjer gjennom brukarundersøkingar. Desse undersøkingane er individuelle, skriftlege evalueringar som blir gjorde ein gong i semesteret. Brukarundersøkingane er generelle undersøkingar som eignar seg til å sjå utviklingstrekk (kvalitetsutvikling) over tid. Desse undersøkingane har i all hovudsak faste spørsmål, noko som gjer det mogleg å sjå endringar både i løpet av skuleåret og frå eit skuleår til eit anna.

I etterarbeidsdagane til skuleåret og på planleggingsdagar/personaldagar blir det sett av tid til evaluering. Dette er ei munnleg evaluering som tar for seg dei fleste sidene ved skuleåret. Vi ser mellom anna på undervisning og fagtilbod, sosialpedagogisk arbeid, internativ, mat, skulemiljø, felles arrangement og

handtering av disiplinærsaker. Det blir ført referat frå møta. Desse referata er tilgjengelege for alle tilsette. Elevrådet blir brukt aktivt i ein løpande formativ evaluering av læringsmiljøet til elevane og sosiale miljø.

6.2 EPSI og skolesluttundersøkinga

Fana folkehøgskule deltar i den landsdekkande EPSI-undersøkinga som måler kundetilfredsheita hos elevane til folkehøgskulane. Skulen er òg med på den landsdekkande skulesluttundersøkinga til folkehøgskulane. Begge desse undersøkingane gir oss moglegheit til å samanlikna resultatata våre med gjennomsnittet for andre folkehøgskular og gir på den måten kvalitetssikring.

Ein elev beskriv året sitt slik på skulesluttundersøkinga:

«Trodde ikke jeg skulle bli venn med nesten alle!! Hadde heller ikke forventet så mye tilstedeværelse fra lærerne. Det er veldig ulikt fra slik jeg har opplevd det fra offentlig grunnskole! Og forventet heller ikke at jeg skulle få så god kontakt med ledelsen på skolen, og at jeg skulle bli venn med flere av lærerne. I tillegg har jeg fått testet mange nye ting, og fått mange nye interesser. Hadde ikke forventet at jeg skulle lære så mye, ha det så gøy og få så mye ut av året. Itillegg til mengden folk jeg tar med meg videre!»

6.3 Elevsamtalar

Folkehøgskulane i Noreg er eksamensfrie og har ikkje formell vurdering i form av karakterar. Dette betyr ikkje at elevane ikkje blir vurderte. Alle elevar på Fana folkehøgskule har elevsamtalar gjennom året. Desse samtalanane supplerer den løpande tilbakemeldinga gjennom ein strukturert rettleiingsprosess. Målet med rettleiingssamtalanane er å gi eleven eit refleksjonsrom der eleven tenker igjennom sin eigen situasjon. Dei fleste tilsette på skulen bruker SØT-modellen i rettleiingssekvensane.

På elevsamtalen blir elevane òg oppmoda til å komma med tilbakemeldingar om skulen. I elevsamtalen blir eleven rettleidd i kva han eller ho sjølv kan gjera i forhold til saka og korleis eleven eventuelt kan gå vidare med tilbakemeldinga. Vi meiner at dette gjer eleven ansvarleg i forhold til det som den vil ta opp, samtidig som det gjer at det blir færre feiltolkingar i overleveringane. I enkelte tilfelle er det likevel ikkje riktig at eleven tar saka vidare, og slike tilfelle er det linjelærar som følgjer opp saka vidare

6.4 Linjeevalueringar

Alle linjene på skulen har etablert rutinar for evaluering og tilbakemelding for å sikra elevane deltaking i kvalitetssikring og kvalitetsutvikling.. Etter alle arrangement og reiser har klassane evalueringssamtalar. Dei har òg evalueringssamtalar før alle feriar. Linjelærarane tar med resultatet frå desse evalueringane lærarmøte.

Tiltak for å betra på situasjonen er ein fast del av evalueringane på linjenivå. Vi ser helst at elevane sjølv finn tiltak for å betra på det dei ikkje er heilt fornøgd med. I dei fleste tilfella veit elevane både kva som er problemet og korleis det bør løysast.

Andre saker er for vanskelege eller komplekse til at elevane kan løysa problema sjølv. I slike tilfelle kan linjelærar ta med saka til lærarmøte, der dei lærarane finn fram til formålstenlege tiltak.

Evalueringane på linjenivå tar mellom anna opp læringsmiljøet til elevane, trivsel på linja og fagleg utvikling. Etter SØT-modellen blir det så funne tiltak som skal bringa klassen nærare den ønskje situasjonen.

I etterkant av studieturane har linjene ei særskild evaluering av reisene. Resultata frå desse evalueringane blir diskuterte på lærarmøte og med elevane.

Mot slutten av året vart det òg gjennomført gruppesamtalar på dei enkelte linjene der ein oppsummerte skuleåret. Dette var veldig nyttig der elevane kom med mange konstruktive innspel. Slike gruppesamtalar er noko som er svært verdifullt i arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling.

6.5 Medverknaden til tilsette- oppsummering

Tilsette til skulen er ansvarleg for evalueringa på individ- og klassenivå. Der utformar dei sjølv evalueringssopplegga.

På evalueringane på skulenivå er dei tilsette med på utforming av spørsmål og gjennomgang av funn i etterkant av evalueringa og ikkje minst oppfølging av funn slik at ein sikrar ei kvalitetsutvikling.

I tillegg er dei tilsette med på sjølvevalueringssprosessen gjennom heile skuleåret då sjølvevalueringa er ein viktig del av arbeidet i for- og etterarbeidsdagane og planleggingsdagane.

6.6 Medverknaden til elevane- oppsummering

Elevane er mellom anna sikra medverknad gjennom to faste brukarundersøkingar.

Elevrådet blir brukt aktivt i ein løpande formativ evaluering av læringsmiljøet til elevane og sosiale miljø.

Elevane er òg sikra medbestemming ved at elevrådsleiar er med i skulestyret. Elevrådet har jamlege møte og kjem ofte med konstruktive forslag til løysingar på ulike utfordringar som dukkar opp i løpet av skuleåret. På denne måten får elevane styrkt deltakinga si og er nyttig for arbeidet til skulen med kvalitetsutvikling.

“På grunn av turer diverse steder har elevrådet sklidd litt ut av vanlige møtetider men generelt fornøyd med måten ting ble gjort på. Det som kan advares om for neste år er at folk som faktisk er interesserte i å gjøre en endring og jobbe for den kan melde seg. Det er lettere med en mindre gruppe veldig engasjerte folk i elevrådet enn en større gruppe med folk som ikke gidder.”

Vi opplever at elevane har gode evalueringar i klassen og på linjene. Gjennom desse evalueringane kjem alle elevar til orde.

Vi har rutinar som tar vare på at elevane får vita kva funn som er gjort under evalueringane og korleis desse funna blir opp følgde

7 Oppfølging av satsingsområda frå rapporten for 2021-2022

Satsingsområda frå sjølvevalueringsrapporten 2021-2022 har blitt følgt opp i skuleåret 2022-2023.

Satsingsområdet vi prioriterte mest dette skuleåret var demokratisk danning følgt av Berekraft og Livsmestring og psykisk helse.

7.1 Demokratisk danning

Grunntanken er at det er ei samfunnsoppgåve å utdanna elevane og til aktiv deltaking i demokratiske prosessar.

Skulen skal bidra til at elevane blir nysgjerrige og stiller spørsmål, utviklar kritisk tenking og handlar med etisk medvit.

Oppfølging

Skulen har gjennom heile året hatt fokus på demokratisk danning. På lærarmøte, forarbeidsdagar og dessutan planleggingsdagane har dette vore tema.

Demokrati har vore eit gjennomgangstema i fellesfag, seminar, linjetimar og ikkje minst i faget Utsyn. Døme på seminar og fellesfag der demokratisk danning har stått sentralt er besøk av Raftosenteret, FN-sambandet, Leger utan grenser, LO Ungdom og Amnesty.

Utdrag frå evalueringa i vår viser at ein har noko betringspotensial i faget Fellesfag med tanke på å engasjera elevane endå meir:

« Fellesfag er veldig hit or miss. Noen ganger det supert og andre ganger helt motsatt. Noen folk som har kommet på besøk har virket veldig uforberedte. Kanskje de som blir invitert burde få en bedre forklaring på hva Folkehøgskole er og hva hensikten er for at de kommer til skolen. Likte veldig godt når Irene var her, når vi lærte om Vest Sahara og Skriv for liv med Amnesty. »

« Jeg synes noen av de var veldig spennende men det ble veldig mange lange foredrag og jeg likte mye bedre fellesfagene da vi fikk gjort noe fysisk. Syns det ble litt mye fokus på mental helse, ikke at det ikke er viktig, men følte det samme ble sagt igjen og igjen. »

På dei enkelte linjene har også demokratisk danning vore ein del av undervisninga. Døme på dette er når ein i Musikk har som prinsipp at det skal vera kollektive avgjerder som ligg til grunn når dreg på turné.

I Analog foto blir det lagt stor vekt på at elevane skal vera nysgjerrige, stille spørsmål og utvikla kritisk tankegang til eigne arbeid og til fotografi generelt. På denne linja har ein også gått djupare inn på tema som biletmanipulasjon, kunstig intelligens og krigsfotografi.

Kritisk tenking er også nokon som er grunnleggjande i faget psykologi. Under studieturen til Japan var ein til stades på eit foredrag der ein fekk høyra om korleis det japanske demokratiet fungerer i forholdet til det norske.

Også på korridormøta blir elevane med på ein prosess der dei er aktive deltakarar.


Elevrådet er sentralt i skulens arbeid med demokratisk danning. Målet er at elevane skal ha reell medverknad på skulen sin gjennom elevrådet. **Tidleg på hausten 2021 gjorde skulen eit stykke nybrottsarbeid då elevrådet skulle veljast. Heile elevflokket var med på ein prosess for å finne fram til den mest demokratiske måten å velje eit elevråd på og sikre at elevrådet vart halde ansvarleg overfor elevane undervegs i året. Resultatet vart eit ganske stort elevråd, med representantar frå både linjene og korridorane. Vårt inntrykk er at denne måten å velje elevråd på ga elevrådet stor legitimitet blant skulens elevar.**

Elevrådet har vore aktivt i dette skuleåret. Dei har hatt møte 2-3 gonger i månaden. Referata frå møta har blitt sendt til rektor for å halde skulens leiing informert om sakane dei har diskutert. Fleire initiativ får elevrådet har blitt tekne vidare. I løpet av skuleåret tok elevrådet mellom anna initiativ til innkjøp av nye utebenkar, betre informasjon om ukeplanane, tiltak for å redusere matsvinn, endring av tidspunkt for låsing av internata, nyttårsball og ein ny, miljøvenleg utgåve av skulegenserane.


Fana folkehøgskule tok også initiativ til ei regional samling for elevråda på Vestlandet hausten 2021. Samlinga var halde på Åsane folkehøgskule, men det var Fana folkehøgskule som var ansvarleg for opplegget.

Gjennomføringa vart gjort av representantar frå Folkehøgskuleforbundet. Dei som deltok på samlinga meinte at dette var eit særskilt godt arrangement, og det er allereie bestemt at det blir ei liknande samling på Fana folkehøgskule hausten 2022.

På årets skulesluttundersøking¹ fekk skulen ein score på 3,8 på spørsmålet om året på folkehøgskule har bidratt til samfunnsengasjementet til eleven. Dette er opp 0,2 i forhold til førre skuleår og er det same som snitta på folkehøgskulane totalt. Vi er glad for auka, men har som mål at samfunnsengasjementet blant elevane skal auke ytterlegare.



Skulesluttundersøkinga har òg eit spørsmål retta mot samarbeidsevne. Vi meiner at evna til samarbeid kan vere ein indikator på demokratisk danning. Scoren til skulen på skolesluttundersøkinga var 4,2. Dette er ein nedgang på 0,2 i forhold til førre skuleår og 0,3 bak totalscoren til folkehøgskulane. Folkehøgskulane scorar svært høgt på dette punktet, og sjølv om vi fekk ein liten nedgang frå året før, så er vi godt nøgde med at 72 prosent av elevane gjer ein score på 4 til 6 på dette spørsmålet.



¹ Skolesluttundersøkinga bruker ein score frå 1 til 6, kor 1 er i svært liten grad, 2 er i liten grad, 3 er ein viss grad, 4, i nokon grad, 5 i stor grad og 6 er i svært stor grad

Skuleevalueringa i vår inneheldt òg spørsmål om samarbeid på linjene, mellom elevane og tilsette samt samarbeid elevane seg i mellom (på tvers av linjer). Når det gjeld samarbeid internt på linjene og på tvers av linjer ligg dette litt under samanlikna med skuleåret 2021-22. Det same gjeld samarbeid med andre tilsette på skulen.

7.2 Berekraftig skule

Mål om å vidareføra arbeidet med å vere ein berekraftig skule.

Oppfølging

Det har vorte jobba mykje med å vidareutvikla den berekraftige retninga til skulen.

- 1) Reduksjon av klimaavtrykk (til dømes flyreiser)
- 2) Plan for klima og berekraft
- 3) Eigen klimarekneskap.
- 4) Pedagogisk opplegg med utgangspunkt i FNs berekraftsmål og Globalvettreglene.

Tiltak retta mot matsvinn har vorte vidareførte. Berekraft er eit mål lærarane har medverka til å få sett på dagsorden.


Skulen utarbeider kvart år ein klima- og miljøplan. Denne planen beskriv korleis skulen skal jobbe med berekraft på alle nivå: drift, reising og pedagogisk arbeid. Planen er laga i samarbeid med personalet og forankra i styret. Kvar vår blir planen gjort om til ein rapport som rektor legg fram for styret tidelg på hausten.

Dei siste tre åra har skule levert inn klimarekneskap til Miljøfyrtårn. Dette er ei oppfølging av folkehøgskulanes felles berekraftvedtak. I denne rekneskapen ser ein spesielt på utsleppa i forbindelse med drift og reising.

Dei viktigaste funna frå klimarekneskapet er at det er ein nedgang frå 2019 og ei forventet auke frå pandemiåret 2020.


Klimagassutslipp fra flyreiser

↓ -98% fra 2019



Klimagassutslipp totalt

↓ -87% fra 2019



I fellesfaga, i mange valfag og seminar har mykje av undervisninga vore retta inn mot berekraft for å auka medvitsnivået blant elevane. Berekraft har òg vore eit tema på forarbeidsdagane og ein planleggingsdag.


Fleire av valfaga hatt berekraft som hovudtema. Her kan nemnast: «Nært og godt», «Nært og godt frå havet», «Kano i eit miljøperspektiv» og dessutan «Økosmart». Dette er populære fag som mange elevar har deltatt på.

Elevane har i stor grad vore engasjerte i arbeidet med ein berekraftig skule som til dømes ved at det har vore tema ved morgonsamling.

I tillegg har skulen hatt eit tett og nært samarbeid med FN-sambandet via fellesfag og ulike seminar. Nemnast bør òg seminaret «Sweatshop - Dødsbillig mote» med aktivisten Frida Ottesen.

Skolesluttundersøkinga viser at elevane på Fana folkehøgskule meiner at skulen har bidratt til engasjement for berekraft i litt mindre grad enn gjennomsnittsskulen.

Spørsmål 9: I hvilken grad har året på folkehøgskule bidratt til ditt: Engasjement for bærekraft
Gjennomsnittstall:



Likevel ser vi at miljø og berekraft er noko som mange elevar er opptatt av.

Utdrag frå elevundersøkinga i vår:

“Jeg likte veldig godt når Frida var her og snakket om fast fashion. Det er temaer som er relevant og viktig for oss! Likte at det var flere seminarer og fellesfag knyttet mot miljø og bærekraft.”

“At det har blitt tatt opp på fellesfag med hele skolen er meget bra!”

“Det at vi et par ganger har plukket søppel i nærområdet. (Det ene seminaret vi hadde på begynnelsen av året.) Det at skolen støttet initiativet om å bestille "patches" istedenfor skolegenser. Ett felles vegetarmåltid i uka. Oppfordring til å bare bruke ett papir til å tørke hendene. Bikubeoppgave.”

Elevrådet har vore aktive i arbeidet med å gjere skule meir berekraftig. Dei har mellom anna tatt initiativ til gode tiltak for å redusere matsvinn og funne ein meir berekraftig måte å lage skulegenser på. Inspirasjonen til den nye måten å lage skulegenser på kom nok etter seminaret med Frida Ottesen. I staden for å kjøpe nye plagg, bestemte elevrådet seg for å gjenbruka gamle plagg og trykke motivet på sjølve.

Skulen sluttar seg fullt og heilt til folkehøgskulanes bærekraftvedtak og kjem til å fortsette å ha berekraft som eit hovudmål i åra framover.

7.3 Livsmeistring og psykisk helse

Livsmestring har vore eit sentralt mål gjennom heile skuleåret.

Skulen har nytta denne definisjonen av livsmeistring i sitt arbeid:

”Å utvikle ferdigheter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å håndtere medgang, motgang, personlige utfordringer, alvorlige hendelser, endringer og konflikter på en best mulig måte. Å skape en trygghet og tro på egne evner til å mestre også i fremtiden.” (Prebensen & Hegstad, LNU, 2017).

Oppfølging

Livsmestring blir jamleg satt på dagsorden i fellesfag, på linjetid og i faget Livsmestring. Livsmestring er eit fellesfag som har gått kvar andre fredag. Faget har fått god respons frå elevane og tilsetja. Dette er eit populært fag og vi opplever behove1 t for å jobbe med dette som stort blant skulens elevar.

Utdrag frå elevevalueringa i vår:

”Det er fint når vi har om det i fellesfag og livsmestring. Også fint å høre at lærerne bryr seg og ønsker det beste for elevane.”

”God dialog mellom lærere og elever. Gode tema på livsmestring.”

Vi har satt livsmeistring og psykisk helse på dagsordenen gjennom heile året:

- Nokon av laurdagsseminara og dessutan torsdagens fellesfag har hatt livsmeistring og psykisk helse som tema.
- Gjennom dei vekentlege korridormøta på internata har elevane jobba med m.a livsmeistring.
- Under dei vekentlege lærarmøta har livsmeistring og psykisk helse blant elevane vore eit fast tema. Det har vorte jobba målretta med dette og lærarane har vorte flinkare til å skilja mellom det vi kan kalla uhelse og generell mistrivsel.

Skulen har dei tre siste åra hatt eit veldig godt samarbeid Ung Arena, som er eit gratis eit hjelpe- og samtaletilbod for unge mellom 12 og 23 år busett i Bergen. Fleire elevar har nytta seg av dette kommunale tilbodet og er svært godt nøgde med Ung Arena.

Etter initiativ frå elevrådet, har skulen satt av pengar på budsjettet for 2022 til helsesjukepleier på skulen. Skulen har som ambisjon å følge opp dette initiativet hausten 2022.

8 Satsingsområde for arbeidet skuleåret 2023-2024

For skuleåret 2023-24 kjem vi til ha å tre satsingsområde kor eitt, berekraftig skule, blir det særskilde fokusområdet for skulen.

8.1 Demokratisk danning

Grunntanken er at det er ei samfunnsoppgåve å utdanna elevane og til aktiv deltaking i demokratiske prosessar.

Skulen skal bidra til at elevane:

- blir nysgjerrige og stiller spørsmål
- utviklar kritisk tenking
- handlar med etisk medvit

Dette skal vi gjere ved å ha demokrati som tema i fellesfag, linjetimar og seminar.

8.2 Berekraftig skule

Skulen skal fortsetja utviklingsarbeidet slik at den blir endå meir berekraftig.

Vi skal jobbe med berekraft i heile organisasjonen, både på driftssida og i det pedagogiske arbeidet.

Skulens skal:

- ha berekraft som tema på seminar og i fellesfag
- innlemme berekraftstenkinga i linjefaga
- bruke Globalvettreglane aktivt
- halde fram med planar for klima og berekraft
- levere klimarekneskap med mål om å redusere skulens CO₂-utslepp

8.3 Livsmeistring og psykisk helse

Livsmeistring og psykisk helse er to tema som ser ut til å fortsette å vere sentrale i arbeidet med ungdom framover. Skulen skal fortsette med å ha dette som eit gjennomgripande tema for både det pedagogisk og sosialpedagogiske arbeidet.

Livsmestring held fram med å vera ein sentral del av fellesfaga, og vi skal fortsette å bruke det potensialet som ligg i internatet som læringsarena. Vi skal også halde fram med å skolere personalet og ha dei viktige samtalene som gjer oss i stand til å hjelpe dei elevane som vi kan hjelpe, og sende dei som trenger hjelp frå andre vidare i systemet.

9 Sluttord

Vi håper at vi med denne evalueringsrapporten å ha fått fram at Fana folkehøgskule

- jobbar målretta med skule- og pedagogisk utviklingsarbeid

- har vi har eit system for sjølvevaluering, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling
- legg til rette for at tilsette og elevar har høg grad av medverknad i arbeidet med sjølvevaluering, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling

Årets evaluering syner at det går godt på Fana folkehøgskule. Det evalueringane viser at det kontinuerlege arbeidet med kvalitetsutvikling og utviklingsarbeid gir gode resultat. At resultatane på nokre områder holder seg stabilt høge viser at systemet for kvalitetssikring fungerer.

I år er vi spesielt nøgde med at fokuset på demokratisk danning har bore frukter. Vi har hatt eit aktivt elevråd og elevar som har fått økt engasjement for demokrati og medbestemming. Dette er ei av folkehøgskulens viktigaste samfunnsoppgåver, og Fana folkehøgskule har med dette bidratt til å gje elevane ein viktig ballast med på vegen vidare inn i vaksenlivet som aktive medborgarar.

Skulen har også ført vidare arbeidet med berekraft og livsmeistring. Dette er tema som står øvst på dagsordenen for mange no, og folkehøgskulen har gjennom sitt arbeid med elevane gjort sitt for at dei skal gå vidare med både økt kunnskap og dugleik innafor desse felt.

Vi vil nytte høvet til å takke både elevar og dei tilsette, som gjennom heile året har vore aktive deltakarar i arbeidet med evaluering, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling på skulen.

Fana folkehøgskule

Tore Haltli
rektor